

Maurens mystiske liv

Kor gammal blir ei maurtue? Og er det riktig at det berre bur éi dronning i kvar maurtue? Det finst mange mytar og rare historier om maur.

AV TRINE-LISE GJESDAL | PUBLISERT 27. MAI 2013 | OPPDATERT 6. FEB. 2020

To maur i arbeid med å bære med seg et blad.

Maur har ulike oppgåver, her er to arbeidarmaur i arbeid. Foto: Shutterstock.

Ifølgje speidarboka til Ole, Dole og Doffen og dei andre i speidarrørsla Hakkespettene ligg alle maurtuer på sørsvida av trea. Ei grei opplysning for speidrarar på ville vegar. Men er det verkeleg slik at vi kan bruka maurtuenes til å orientera oss i naturen? Vi har snakka med maurspesialisten Torstein Kvamme. Han fortel at det ikkje er heilt riktig slik det står i Hakkespettboka i Donald Duck.

Lys og varme

- Dei aller fleste maur vil bu der det er lyst og varmt. Derfor byggjer dei tuene sine på stader der det er mest mogleg sol. Og slike stader kan liggja kvar som helst i skogen uavhengig av trea. Samtidig vel maur å bu der dei finn materiale dei kan byggja tuene sine med, og i område der dei slepp å konkurrera med andre maursamfunn, fortel Torstein.

Torstein jobbar som forskar ved Norsk institutt for skog og landskap. Hans jobb går ut på å studera kvar og korleis maur lever. Han reiser til og med rundt i Noreg og andre land for å studera maurtuer, så han er veldig interessert i dei små insektene.

14 000 forskjellige maruartar

I Noreg har ein hittil funne om lag 55 forskjellig artar maur, men det kan vera at det finst så mange som 70 artar eller meir. I heile verda er det i alt funne 14 000 forskjellige maurartar. Men Torstein trur at det kan eksistere så mange som 25 000 artar. Vi har berre ikkje funne alle enno. Og sjølv om artane ser veldig like ut, lever mange svært forskjellig. Nokre liker å bu varmt og tørt, mens andre liker å bu i skog og våte myrar.

En gammel maurtue langs en sti i skogen.

Maur byggjer tuene sine der det er mest mogleg sol, og der dei finn materiale til å byggja tuene. Foto: Shutterstock.

Hundrevis av år gamle maurtuer

- Og nokre maurartar liker å bu i små koloniar, mens andre lever i såkalla superkoloniar som består av mange tuer med millionar av arbeidrarar, fortel Torstein. Han har sett maurtuer som er over to meter høge. Desse er svært gamle, fortel han. Men han kan ikkje seia eksakt når maurane begynte å byggja dei. Torstein trur at dei eldste maurtuenene kan vera 250 år gamle eller meir.

En dronningmaur sammen med noen av sine arbeidermaur.

I små maursamfunn med berre 50 arbeidrarar bur det éi dronning. Der det bur millionar av maur, bur det også mange dronningar. Foto:

Dronningar og late maur

Det er riktig at enkelte maursamfunn berre har éi dronning. Dette gjeld for små maursamfunn som berre består av 50 arbeidrarar. Men i tuer der det bur millionar av maur, bur det også mange dronningar. I tuer med meir enn fem millionar arbeidrarar har ein registrert at det bur så mange som 5000 dronningar.

Når ein snakkar om maur, omtalar ein oftast dei som er arbeidrarar. Dei er nemleg kjende som flittige og arbeidsame insekt. Men det er ein myte at alle maur er flittige. Det finst også late maur.

- Nokre maur held andre som slavar. Og det finst maur som blir omtala som sosialparasittar fordi dei tvingar seg inn i andre maur sine tuer, drep dronninga og tvingar andre maur til å oppdra avkommet sitt, fortel Torstein.

LIVET PÅ JORDA INSEKTER OG EDDERKOPPER

Meldinger ved utskriftstidspunkt 25. april 2025, kl. 18.51 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.